



**Fritidserklæringa Vestland**

# Fritidserklæringa Vestland

Fritidserklæringa bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettar, artikkel 31:

**LEIK OG FRITID** Barnet har rett til kvile, fritid og leik og til å ta del i kunst og kulturliv.

**Vi er einige om og vil jobbe i lag for at alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet i lag med andre.**

# Alle med i Vestland

## Visjon:

Alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet i lag med andre.

## Verdiar:

### **Inkludering – samarbeid – fellesskap – medverknad**

Alle barn og unge må bli inkludert i fritidsaktivitetar på lik linje. Ingen skal føle seg utanfor på grunn av bustad, kjønn, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjons- evne eller familiens økonomi. Vi skal samarbeide om å fjerne barrierar og ivareta barn og unge sin rett til medverknad, slik at alle kan delta i fellesskapen.

### **Mål:**

- Fritidsaktivitetane skal vere opne, trygge og inkluderande.
- Vi skal jobbe for å fjerne barrierar for deltaking, både fysiske og psykiske.
- Fleire arenaer for fritidsaktivitetar skal vere universelt utforma.
- Vi skal sørge for at kostnadene blir låge, slik at økonomi ikkje hindrar deltaking.
- Alle barn og unge skal kunne finne ein aktivitet dei trivst med.
- Barn og unge skal kunne utvikle seg og oppleve meistring gjennom fritidsaktivitetar.
- Vi skal sikre barn og unge sin medverknad i utviklinga av fritidsfeltet.

## **Fritidserklæringa bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettar, artikkel 31:**

Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet.

Partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter.

## **Vi er derfor einige om**

- å jobbe for at alle barn og unge skal kunne delta i fritidsaktivitetar saman med andre
- å ha inkludering i fritidsaktivitetar som mål og tiltak i organisasjonen sine planar, strategiar og opplæringstiltak
- å jobbe for gode tilskotsordningar for inkludering, og dele informasjon om desse
- å bygge ned barrierar for deltaking gjennom universell tilrettelegging av fritidsarenaer
- å gjere det enkelt å komme seg til fritidsaktivitetar, uavhengig av kvar ein bur
- å ha møteplassar som er opne for alle barn og unge
- å opne opp for auka og gratis bruk av offentlege lokale for frivillige organisasjonar
- å dele informasjon om aktivitetstilbod og formidle gode idear og eksempel på inkluderande fritidsaktivitetar
- å sikre at alle barn og unge har god og trygg tilgang til nærturområde
- å invitere barn og unge til å medverke i utviklinga av fritidstilbod
- å fremje og støtte lokale organisasjonar og kommunar sitt arbeid med lokale fritidserklæringar
- å samarbeide for å nå måla i fritidserklæringa på tvers av sektorar og organisasjonar



# Samarbeid for å nå måla

FN sitt berekraftsmål nr. 17 «Samarbeid for å nå måla» skal ligge til grunn for arbeidet med Fritidserklæringa Vestland. Vi vil styrke samarbeidet mellom frivillig, privat og offentlig sektor gjennom visjonen om å inkludere alle barn og unge i fritidsaktivitetar.



## Organisering og oppfølging av Fritidserklæringa Vestland:

### Erklæringsgruppa

Partane som har signert Fritidserklæringa Vestland gjennomfører eit årleg møte for å følgje opp intensjonane i erklæringa og diskutere årlege handlingar og tiltak. Partane skal sette rammer og gje retning for oppfølging av Fritidserklæringa og forankre dette i eigne verksemder.

### Samarbeidskomiteen

Samarbeidskomiteen for frivillighet i Vestland har Fritidserklæringa Vestland som eit fast punkt i møta. Desse møter i samarbeidskomiteen: Vestland musikkråd, Vestland idrettskrets, Vestland Innvandrerråd, Vestland Frivilligsentralar, Vaksenopplæringsforbundet Vestland, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) Vestland, Samarbeidsforumet Av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO) Sørvest og Nordvest, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland og Sogn og Fjordane. Vestland fylkeskommune er sekretariat for samarbeidskomiteen.

### Sekretariat

Vestland fylkeskommune er sekretariat for arbeidet med Fritidserklæringa Vestland.





# Fritidserklæringa Vestland

Fritidserklæringa bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettar, artikkel 31:  
LEIK OG FRITID Barnet har rett til kvile, fritid og leik og til å ta del i kunst og kulturliv.

Vi er einige om og vil jobbe i lag for at alle barn og unge skal kunne delta jamleg  
i minst éin organisert fritidsaktivitet i lag med andre.

Bergen 28. september 2024

Vestland fylkeskommune

Vestland musikkråd

SAFO Sørvest og Nordvest

Vestland ungdomsutval

Vestland idrettskrets

Forum for Natur og Friluftsliv  
(FNF) Hordaland

Statsforvaltaren i Vestland

Vestland Innvandregråd

Forum for Natur og Friluftsliv  
(FNF) Sogn og Fjordane

KS Vestland

Vestland Frivilligsentralar

Funksjonshemmedes  
fellesorganisasjon (FFO) Vestland

Vaksenerklæringsforbundet Vestland